



Invitasjon til det norske teater 8.april 2025 kl 19.30

til en forrykende forestilling basert på Europeisk historie og Eurovisjonssanger.

Påmelding senest 19.3.2025. Pris 310 pr person.

Velkommen til den viktigaste songkonkurransen i historia:

Europavisjonar! På scenen står dei mest sentrale politikarane frå 1989 til i dag. Storbritannia, Russland, NATO, EU, ytre høgre og mange fleire gir deg sine visjonar pakka inn i raffe rytmar, funklande paljettar og deilige dansenummer. Dei bruker stemma si i jakta på stemma di! Og dei gjer det med songar frå Eurovision Song Contest, i ny språkleg drakt du aldri har høyrte før!

Bak manus og regi står Simen Formo Hay, Oda Radoor og Johan Hveem Maurud. I 2023 sette Formo Hay og Radoor i scene *Døden på Oslo S* på Økernsenteret for Nationalteatret. Framsyninga fekk Heddaprisen for «Årets teaterforestilling».

I 2025 tek dei Eurovision-entusiasmen inn på Hovudscenen på Det Norske Teatret. Med eit stort ensemble og kunstnarleg lag skal dei no kople Europas nyare historie opp mot Eurovision Song Contest i ein songkonkurranse med skarp politisk brodd, der humor og djup alvor går opp i ei høgare eining. Berlinmurens fall, 90-års marknadsliberalisme, finanskrise, flyktningkrise, krig og fred. Alt presentert i eit energisk show, gjennom musikknummer med song, dans, triks og overdådige kostyme!

«Noe av det villeste jeg har opplevd på en norsk scene» [Aftenposten](#)

«Ein genistrek... Douze points» [NRK](#)

«så aktuelt at spyttet i munnviken til Donald Trump fra møtet med Zelenskyj i Det hvite hus, ikke har størknet ennå når de møtes på ny på Det Norske Teatret» [Dagsavisen](#)